



# KYRKJEBLAD

## FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 1

Januar 1976

30. årg.

## Kristi openberring

Det nye året tek til med Kristi Openberrings-søndagane. Tekstane for desse søndagane er alle, kvar på sin måte, ei openberring om kven Jesus er. Nedanforståande er skrivne av ein ukjend, ved eit botsfengsel, oversett frå engelsk.

*«Eit eineståande liv»*

Her er ein mann som var fødd i ein ubetydeleg liten landsby, barnet til ei landsens kvinna. Han vaks opp i ein annan landsby. Han arbeide i ein snikkarverkstad til han var 30 år, og so var han omreisande predikant i 3 år. Han skreiv aldri ei bok, hadde aldri kontor. Han eigde aldri ein heim. Han reiste aldri til høgare skule. Han sette aldri sin fot i ein storby. Han reiste aldri so langt som 30 mil frå den staden han var fødd. Han gjorde aldri ein ting som til vanleg er bunde saman med stordom.

Medan han endå var ein ung mann, vende bylgja av offentleg meining seg imot han. Hans vener rømde sin veg.

Han vart overgjeven til sine fiendar. Han gjekk igjenom eit narrespel av ei rettsak. Han vart nagla til ein kross mellom to røvarar. Medan han hang der, døyande, trakk bødlane lott om den einaste personlege eigedom han hadde på jord. Det var ei kapp. Då han var død, vart han, ved ein vens godleik, lagd i ei lånt grav.

No er det gått nittane hundrad år sidan dette hende, og i dag er han den sentral person i menneskeslekta på jord, og han leider ein arme på frammars mot høgare mål.

«Eg er heilt på den trygge sida når eg seler at, om ein slo saman verkna-den av alle armear som nokon gong har marsjert på jord, alle flåtar som nokon gong har vore bygde på jord, alle regjeringar som nokon gong har sete saman, og alle kongar som nokon gong har regjert på jord, — om alt dette var slått saman, so har ikkje verknaden av det vore so sterk på menneskja sitt liv på jord, — som

denne eine mannen sitt eineståande liv.»

— So langt denne ukjende forfattar. Her skal me bare knyta til eit ord av Peter som han tala for rådet då han og Johannes vart fengsla etter at dei hadde forkynt at Jesus, som dei hadde korsfesta, var oppstaden frå dei døde:

«Det er ikkje frelsa i nokon annan, for det finst ikkje heller noko anna namn under nimmelen som er gjeve millom menneske soleis at me skal verta frelse ved det». Apst.gj. 4:12.

Må Kristi Openberringssøndagane vere med å gjere det meir klårt for oss alle, kven Jesus Kristus verkeleg er.

L. Bj.

## Ungdomsarbeidet i Vaksdal

Det er mykje godt arbeid i gong for ungdomen i kommunen vår. Ser vi verdet av det? Dei ymse laga gjer si verdfulle gjerning i truskap mot høgverdige mål. Eit miljø vert skapt, eit trygt og godt miljø. Og vi alle gjer vel i å vera med å stø alle gode tiltak for dei unge. Vi kan minnast Paulus sine ord til Filipensarane. Fil. 4,8.

«Elles, brør, alt som er sant, alt som er ære verdt, alt som er rettfærdigt, alt som er reint, alt som er elskeleg, alt som har eit godt namn, kvar ei dygd og alt som priseleg er — gjev akt på det.»

Men no særleg om det kristne ungdomsarbeidet. I haust har dei kristne ungdomslaga i kommunen prøvd å samarbeida om større ungdomskveldar. I november var over hundre ungdomar frå vår kommune samla til ungdomstreff i Årland i Samnanger.

Samnanger ungdomskor, Stamnes ungdomskor og Vaksdal ungdomskor stod for dette arrangementet. Det vart ein god kveld med mykje song og musikk. I desember var mange unge samla til ungdomskveld på Stamnes.

Det første større arrangementet dette året vert på Kvamshaug, Misjonsselskapet sin leirstad på Kvamskogen. Då kan kring 65 vera med på leir, frå fredag kveld til søndag ettermiddag. Helga 23. — 25. januar. Særleg medlemmane i ungdomskora er velkomne til å vera med då, men det er plass til fleire. Vi vonar å få ei gild helg saman, med leik og song, og også med samling om Guds ord.

Månadsskiftet februar/mars får Vaksdal vitjing av Samnanger ungdomskor. Då vert ungdomskvelden på Vaksdal. I byrjinga av april tek vi turen til Stamnes att.

Planane må til, men Guds signing må fylgja arbeidet dersom det skal bera frukter. Må Gud signa arbeidet mellom dei unge i kommunen vår og i heile landet vårt. «Dei unge i Noreg må vinnast for Gud. Den oppgåva herleg oss helsar». Ta dei unge med i bønene dine og ver med å stø ungdomsarbeidet.

Oddvar Herfindal

## Litt statistikk 1975

Gudstenester, ordinære 128	
ekstraordinære 34 ialt	162
Møte ved prestane . . . . .	255
Husvitjing og sjuke vitjingar ..	556
Fødde . . . . .	55
Døpte . . . . .	58
Konfirmerte . . . . .	84
Kyrkjeleg vigde (par) . . . . .	24
Nattverdsøkjande ialt . . . . .	1444
Jordfeste . . . . .	56

### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar: Lars Bjørsvik, 5280 Dalekvam  
Medarbeidarar: Magné O. Steinnes, Johanne  
B. Helle og Magne Hesjedal.  
Kasserar Ragnar Trohjeil, 5297 Gammersvik.  
Postgiro nr. 7 23 47. Bankgiro nr. 103385/123.  
Utgevar: Sokneråda i Vaksdal.  
Bladpengar kr. 10,— for året.

Ekspd: Skaars Boktrykkeri,  
5601 Norheimsund — tfn. 8.

## MINNE

### Karl Knutsen

På veggen bak kateteret i Vaksdal Bedehus har me eit stort bilete. Dette bilete syner oss Jesus i sin harde bønestridd i Getsemanehagen.

Det er lenge sidan dette biletet fekk sin plass i Bedehuset, men eg minnest vel den kvelden då det vart avduka. Vaksdal Bl.songkor under leiing av lærar Konrad Bjørsvik song, og for dette høve hadde koret øvd inn den kjende songen: «Hin time i Getsemane jeg aldri glemme kan.»

Eg ber med meg eit rikt og godt minne frå den kvelden.

Men når eg no kjem inn i Bedehuset og ser på bilete, så går tankane mine attende til eit møte me hadde i Bedehuset, nå siste haust. Karl S. Knutsen som døydd 30/11-75, — var og på det møte. Han sat på stolen like fram for meg. Møtet var på næraste slutt. Då er det at Karl Knutsen tek ordet. Trøyt og veik som sjukdomen hadde gjort han, vart han sitjande på stolen. Det han sa lydte slik: Eg har sete her og sett på billede der framme på veggen. Der ligg Han, — Jesus, Guds Son i sin harde bønnekamp inntil sveit-

ten renn som blod, og det gjer Han av den grunn at Han elsker og vil so gjerne få frelse meg og andre stakkarar. Du å du kor Han må elske oss».

Det vart det siste vitnemålet eg høyrde frå Karl Knutsen. Han var med i koret som song den kvelden bilete vart avduka. Han hadde vore med og sunge evangeliet lenge før den tida og. Når so bl.koret ikkje var meir, tok han til i Vaksdal Kvartetten, der song me saman i omlag 35 år, og då Kvartetten ikkje var meir tok han til i Kyrjekoret, som då vart skipa. Men det var ikkje det som vart trøysta for Karl at han hadde vore med og sunge sangen om Jesus gjennom lange tider, heller ikkje det at han, saman med Nelly, — hadde vore kyrkjetenar i Vaksdal kyrkje frå den vart vigsla og i omlag 40 år, — heller ikkje var det noko å feste lit til at han hadde vore ein trugen kasserar for Santalmisjonen, eller at han gjorde eit godt og truge arbeid i Bedehuse-styret. Alt dette var godt, og han tente oss med dette, — men det som var og det som vart trøysta like inn i døden, det var dette at Han, — Jesus kunne elske og var villig til å lida og døy for å kunne bli vår Frelsar slik som me er.

Me minnes med glede og takk alt det gode arbeid Karl Knutsen fekk gjera millom oss, og alle dei gilde stunder me fekk ha saman.

Fred og signing over hans minne.

«Lad min sangerkrans da slynges,  
hen i støv på glemsels kyst.  
Når kun hist hvor alt forrynges  
sjælens dyp har lutret røst.  
Når kun der jeg griper tonen  
i det store kvad for tronen  
som til himlens harper synges.

Trygve Hvidsten.

## Og noget falt i god jord

Disse ord av Jesus fra lignelsen om de fire slags jordsmon, har vært som streif av sol i motløst hjerte hos mannen såmann i Guds rike. Når alt syntes fåfengt, var det som salve i såret bryst.

Som regel tenker vi god jord som en nypløyd, harvet og gjødslet åker, ventende på såkornet. I Guds rike ligger helst hjerteåkeren brakk, somme steder lenge — lenge. Jeg stanset for noget Øyvind Andersen sa i den Lutherske timen om dette emnet. Såkornet, Guds ord, hadde i seg selv evnen til å bearbeide jorden, når bare det får komme til, og bli værende der.

Dette har jeg opplevd, kanskje mer enn det var meg bevisst. Når jeg kladder på disse stykkene mine, henter jeg mine emner og inspirasjon fra Bibelen. Mens jeg arbeider med ordet, arbeider det med meg. Ordets plog skjærer igjennom, snur opp ned på gjengrodde stier. Gamle halvglemte hannerheter kommer frem i lyset, og blir levende igjen. Selv livets hårde jordklumper smuldres under harven. Det smaker ikke godt, men det gjør

Hausvik og Faugstad 1/5

Vaksdal

Telefon 3603.

Arth. og Arne Vaksdal  
HANDEL

Tlf. Dalekvam 2348 — 2161  
Stanghelle — Vaksdal — Dale

hjertejorden myk, og mottakelig for Bibelens vitaminer. År etter år går forbi, så går det for hver ærlig, daglig, bibelleser, som det står i Hebr. 5:14, at mine sanser oppøves ved bruk, så jeg kan ta imot fast føde, og ikke bare melk, og kan skille mellom vondt og godt. Det er noget i vårt indre menneske som blir bygget opp ved Ordets Guddommelige livskraft.

Johanne B. Helle.

## Teppet er på plass

Det er ikkje trivelig å fryse på beina. De eldre samlet til eldrekos i sokkeletasjen i prestegården på Vaksdal ordnet på dette ved å samle inn til vegg til vegg teppe. Det kom kort tid før jul på plass, og svært trivelig er det blitt. Nå ønskes alle over 65 år velkommen til vårens samlinger som er lagt til følgende torsdager kl. 16.00: 5. febr., 4. mars, 1. april og 13. mai. Skyss kan ordnes.

M. S.

## Å kor lavt den sola hekk

*A kor fort den hausten gjekk  
og idag med sola hekk  
lavt i vinduskarmen,  
sa ho med ein stråleblenk  
midt i mellom gråt og sjemt  
at om alt går slik det plar,  
kjem eg att i februar.*

Elisa Hellestræ.

## Konfirmasjon 1976

Konfirmasjonane er sett opp som følgjer:

- 2. mai Stamnes og Eidsland
- 9. mai Dale og Vaksdal
- 23. mai Nesheim.

## Festreis til FINNMARK

II.

Neste dag bar det i veg til Alta. Me køyrde framom teltleirar der samekonene stod og baud ut varene sine. Det var berre koner og born som var ved telti, mannfolka låg ved sjøen med reinflokken. Nokon av oss gjekk innom i telti, men dersom me ikkje kunne språket, lika dei ikkje å verta uroa. Dei er flinke å laga ting, men noko godtkjøp ved telti var det ikkje. Me køyrde framom ei fjellkyrkja, men elles var det endelause vidder so langt auga rakk.

I Kvalsund var me innom sjuke- og gamleheimen som Samemisjonen eig. Det var sers gildt å helsa på dei gamle. Reiseleiarer heldt andakt. Det rann meg i minnet ei verslina: «Så vide om land som sol mon gå». — Ingen av desse gamle krokane er gløymd av Gud.

I Alta var me innkvartert på Øytun Folkehøgskule, der møti vart haldne. I matsalen var det eit underleg surr av ymse dialektar. Me hadde Bergensbord, Trønderbord, Hordalandsbord, og mykje meir. Dagane gjekk so altfor fort. Det fell for langt å referera frå møti, må berre samla det heile i det eine verset: «Hvor deilig det er å møtes, når ene man vandrer frem, en broder og søsterskare på veien til samme hjem.»

Sundag var det preik i ymse kyrkjer, og då Bergensbussen skulle til Kåfjord, vart nokon av oss med dertil. Det var engelsmenn som fyrst oppdaga Kåfjord, og dei bygde kyrkja der. Det var engelsk gruvedrift der, og ei tid budde der 2000 mennesker. Kyrkja var sers vakker, bygd i engelsk stil. Kåfjord er og kjend frå kri-

gens dagar. Det var her det store tyske krigsskipet Tripits vart bomba. Det viste friske arr i fjellet etter bomber som hadde feila sitt mål. Etter festmøtet sundag kveld, køyrde me over Masi til Kautokeino. Masi er som ei perla i øydemarki, vel verd å kjempe for. Elva rann i slakke stryk ned i eit stort vatn med flate fine gardar rundt. Gildt at me fekk ogso dette med i minnet. I Kautokeino driv Samemisjonen ei fjellstova. Det var kaldt, og alt av vintertøy måtte fram. Der er mykje folk i Kautokeino, og stor turistferdsle. Turbussar kom og gjekk støtt. Vegnettet er godt utbygd, og der er lite att av ferdsle med elvebåt og pulk.

Frå Kautokeino bar det i veg austover att. Me var ein snartur innom i Sverige, og vitja den fyrste læstadianer kyrkja. Men snart merka me at me var komne over til berg-og-dallandet Norge. Hellingskoken og Skibotn er kjende namn for dei som har hatt soldatar der. Veggen gjekk langs Lyngenfjorden med Lyngenalpane trugande rett over oss.

I Tromsødalen måtte me sjølvsagt sjå den mykje omtala Ishavskatedraalen, eit byggverk so veldig at det er

Eidsland Samvirkeleg

EIDSLANDET

Filial: Lavik

DALE BILSERVICE

Johannes A. Lid & Co

Tlf. 2193 — Dalekvam

uråd å skildra det. Til dømes so var det ikkje flaumlys utanfor kyrkja, men inni. Om kvelden var det imponerende med dei store glasmaleri, opplyst innanfrå. — Me gløymer aldri kvelden i Tysfjord, der me sat og såg midnattsola for siste gong.

No gjekk det fort sørover, noko me var glade for, me tok til å kjenna oss som flyttsamar sjølve. På heimturen var me innom stader som Stiklestad, og bibelskulen i Stjørdal. På Voss, sa me frå Vaksdal farvel med dei som skulle attende til Bergen. Det var trist å skiljast etter den gilde festreisa som hadde vara i 13 dagar.

Jenny Bergo

## Frå kyrkiebøkene

### DØYPTE:

#### DALE:

Kjetil Faugstad, fødd 1. okt. 1975, døypt 30. november.

Ashild Avanæs, fødd 16. juni 1975, døypt i Bodø 3. sept.

Solyeig Brekke, fødd 4. oktbr. 1975, døypt 7. desbr.

Björg Furnes, fødd 5. novbr. 1975, døypt 14. desbr.

Tatjana Hagebø, fødd 28. okt. 1975, døypt 14. desbr.

Irne Ramsdal, fødd 3. desbr. 1975, døypt i Bremnes 26. desbr.

#### VAKSDAL:

Ingunn Ekse, fødd 4. aug. 1975, døypt 25. desbr.

Ingfrid Vaksdal, fødd 14. sept. 1975, døypt 4. jan. 1976.

#### STAMNES:

Mona Kristin Kvalvik, fødd 5. aug. 1975, døypt 7. desbr.

#### NESHEIM:

Jon Skule Lundestad, fødd 11. sept. 1975, døypt 26. oktbr.

### VIGDE

#### VAKSDAL:

Arne Skage, og Karin Marie Sæterdal, vigde 28. novbr. 1975.

Audun Magne Vevatne og Liv Tolås, vigde 20. desember 1975.

#### AVLIDNE:

#### DALE:

Karl Johan Hesjedal, fødd 18. mars 1891, døydde 26. nov. 1975, gravlagd 6. des.

Ingeborg Ravnstad, fødd 11. nov. 1896, døydde 18. nov. 1975, gravlagd 26. nov.

Magnhild Wanvik, fødd 21. nov. 1916, døydde 21. nov. 1975, gravlagd 28. nov.

Maria Andrina Brekke, fødd 25. juni 1891, døydde 4. des. 1975, gravlagd 12. des. i Bergsdalen.

Malena Lovise Hesjedal, fødd 15. mai 1887, døydde 21. des. 1975, gravlagd 27. des.

Borghild Oline Eide, fødd 2. okt. 1890, døydde 22. des. 1975, gravlagd 30. des. på Voss.

#### VAKSDAL:

Thomas Jamne, fødd 3. juli 1911, døydde 29. nov. 1975, gravlagd 5. des.

Karl S. Knutsen, fødd 1. des. 1899, døydde 2. des. 1975, gravlagd 9. des.

Kåre Rørbakken, fødd 9. april 1931, døydde 11. des. 1975, gravlagd 18. des.

Anna O. Kåstad, fødd 26. mars 1895, døydde 30. des. 1975, gravlagd 3. jan. 1976.

Kari Boge, fødd 14. februar 1899, døydde 3. januar 1976, gravlagd 9. jan. 1976.

#### STAMNES:

Lars Vassenden, fødd 16. mai 1895, døydde 28. nov. 1975, gravlagd 6. des.

#### NESHEIM:

Olav T. Fosse, fødd 18. juni 1898, døydde 24. nov. 1975, gravlagd 29. nov.

## Velkomen til Kyrkja

### 4. søndag etter Kristi Openberring, 1. februar:

Dale Kyrkje kl. 11. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Bispedømerådet. Nattverd.

Stamnes Kyrkje kl. 11. Res.kap. Steinnes. Offer til Bispedømerådet. Nattverd.

### 5. søndag etter Kristi Openberring, 8. februar:

Vaksdal Kyrkja kl. 11. Res.kap. Steinnes. Offer til Bispedømerådet. Nattverd.

Bergsdalen Kyrkje kl. 11. Soknepr. Bjørsvik. Eidslandet kapeil kl. 17. Res.kap. Steinnes.

### Søndag Septuagesima, 15. februar:

Stamnes Kyrkje kl. 11. Sokneprest Bjørsvik. Nesheim Kyrkje kl. 11. Res.kap. Steinnes. Offer til Menighetsakultetet.

Dale Kyrkje kl. 19. Kyrjekonsert. Sjå kunngjering.

### Søndag Sexagesima, 22. februar:

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Familiegudsteneste. Sokneprest Bjørsvik.

Eidslandet Kl. 11. Familiegudsteneste. Res.kap. Steinnes. Offer til Menighetsakultetet.

### Fastelags-søndag, 29. februar:

Dale Kyrkje kl. 11. Familiegudsteneste. Res.kap. Steinnes. Offer til Israelsmisjonen.

Eksingedalen Kyrkje kl. 11. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

Stamnes kl. 18. Res.kap. Steinnes. Nattverd.

### 1. søndag i Faste, 7. mars:

Vaksdal Kyrkje kl. 11. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Santalmisjonen. Nattverd.

Bergsdalen Kyrkje kl. 11. Res.kap. Steinnes. Offer til Norsk Lærarakademi. Nattverd.

### 2. søndag i Faste, 14. mars:

Dale Kyrkje kl. 11. Soknepr. Bjørsvik. Nattv. Stamnes Kyrkje kl. 11. Familiegudsteneste.

Res.kap. Steinnes. Offer til Søndagssk. og Y.A. Vaksdal kl. 18. Musikkandakt. Res.kap. Steinnes.

### 3. søndag i Faste, 21. mars:

Vaksdal kl. 11. Res.kap. Steinnes. Nattverd. Nesheim kl. 11. Soknepr. Bjørsvik. Nattverd.

Eidslandet kl. 17. Soknepr. Bjørsvik. Nattverd.

JESUS KRISTUS ER I GAR OG  
IDAG DEN SAME, JA TIL ÆVELEG  
TID.

HEBR. 13:8.

Midfastesøndag, 28. mars:

Dale Kyrkje kl. 11. Familiegudsteneste. Sokneprest Bjørsvik.

Eksingedalen Kyrkje kl. 11. Res.kap. Steinnes. Nattverd.

Stamnes Kyrkje kl. 18. Musikk-andakt. Sokneprest Bjørsvik.

Sjå og kunngjering i lokal-blada.

## Offer og kollektar 1975

Dale . . . . .	kr. 16.299,—
Bergsdalen . . . . .	» 1.949,—
Vaksdal . . . . .	» 20.712,—
Stamnes . . . . .	» 9.997,—
Eidslandet . . . . .	» 2.810,—
Eksingedalen . . . . .	» 3.150,—
Nesheim . . . . .	» 2.932,—

I alt 57.849,—

## Dale Fabrikksalg

5280 Dalekvam  
Telefon Dalekvam 2261  
Tekstilvarer — Sengetøy  
Bomull og ull metervarer  
Strikke- jakker og gensere

## A. L. VATLE

DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer  
Frukt og grønnsaker

**Ekspedisjonstider ved  
våre kontor:**

DALE, Tlf. 2421      Frå      Til  
Måndag, Tysdag. Onsdag og Fredag .. 8.30      15.00  
Torsdag .. . . . . 10.00      17.30

VAKSDAL, Tlf. 3605  
Tysdag og Fredag 8.30      15.00  
Torsdag .. . . . . 10.00      17.30

STAMNES, Tlf. 3 a  
Måndag      frå kl. 9.30 til kl. 14.30

**Bruvik Sparebank**

5280 DALEKVAM, Tlf. 2421

**Stamnes Handelslag  
STAMNESHELLA**

**Dale Handelsforening  
Dalekvam**

**TOMAS UTSKOTIS  
SKOFORRETNING  
Dalekvam**

**RADIOSPECIALEN <sup>A/S</sup>**

Tlf. 2240 DALEKVAM

**RADIO - TV**

Reparasjonsverkstad

BØKER — PAPIR — BIBLAR  
SALMEBØKER- SANGBØKER

**EIDE & PETERSEN <sup>A/S</sup>**

Tfn. 2258 DALEKVAM

**K. SEIM**

*Kolonial & Delikatesse*

Tlf. 2323 DALEKVAM

**BRUVIK HANDELSLAG**

*Ass. Landhandel og Bakeri*

FILIAL SKAFTÅ

**Stanghelle Handel**

STANGHELLE

**Vaksdal koop. Handelslag**

**VAKSDAL**

Telefon ; Kontor 3712. Snarkjøp 3710.

**Kjøp i Dykkar eigen forretning**